



gronolen@gronolen.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:

FLAKRI-2022003794 -9

Arkiv:

GBNR-9002/1, K3-&02,
K2-C20

Vår dato:

25.06.2026

Saksnr.	Utval
124/26	Hovudutval for utvikling

Delegert vedtak- Vedlikeholdsavgift Synshorn Via ferrata

Vang kommune har motteke søknad frå Grønolen Fjellgard AS om løyve etter §14 i friluftsløva til å innkrevje ein vedlikehaldsavgift i samband med vedlikehald av anlegget Synshorn Via Ferrata. Det søkaste om å kunne ta ein avgift på kroner 300,-.

Vurdering:

Friluftsløva §14:

«Ferdseisrett etter denne lov er ikkje til hinder for at eier eller bruker etter løyve av kommunen kan kreve ein rimelig avgift for adgangen til badestrand, teltplass eller annet opparbeidd friluftsområde, men avgiften må ikkje stå i misforhold til de tiltak eier eller bruker har gjort på området til fordel for friluftsfolket.

Det kan settes vilkår for slikt løyve.»

Friluftsløva § 14 gjev kommunen heimel for å tillate avgiftsbasert tilgang til eit opparbeidd friluftsområde. Den som er eigar eller brukar av slike opparbeidd og tilrettelagde friluftsområde, kan etter løyve ta ei slik rimeleg avgift, som skal gå til dekning av kostnadene og vedlikehaldet av tilrettelegginga.

Det må ikkje vere mishøve mellom dei tiltaka eigaren eller brukaren har gjort på området til fordel for friluftsfolket, og det er ikkje høve til å setje avgifta for å generere overskot eller drive kommersiell verksemd. Slik verksemd kan derimot drivast ved sidan av, og utanom rettane i friluftsløva, for eksempel ved tilbod om førar eller guida turar mot betaling.

Statsforvaltaren i Vestland(Ref. 2023/5544):

«Tilrettelagde friluftsområde i utmark der kommunen har gitt løyve til å ta ei tilgangsbetaling, kan også stengast, men berre av omsyn til å kunne gjennomføre avgiftsinnskjevninga. Utover dette er det ikkje høve til å avgrense ferdselsretten i friluftsområdet, med mindre anna følgjer av friluftsløva eller er fastsett i medhald av anna lovgeving, slik som plan etter plan- og bygningslova.»

Sikkerhet og ansvar:

Kvar enkelt som ynskjer å klatre alene har ansvar for seg sjølv. Ein må vurdere sine egne klatreferdigheitar, utstyr og ver. Eigar av anlegget er ansvarleg for at anlegget er utført på ein skikkeleg måte.

Vedtak:

Vang kommune gir Grønolen Fjellgard AS, med heimel i § 14 i friluftsløven, løyve til å krevje inn vedlikehaldsavgift for bruk av anlegget Synshorn Via Ferrata på fylgjande vilkår:

- Løyve gjeld frå 25.06.2026 til 25.06.2031.
- Vedlikehaldsavgift kan settast til maks. kr. 300,- pr. person pr. dag.
- Det skal ved anlegget settast opp tydeleg informasjon om sikkerheit-, utstyr- og betalingsinformasjon.
- Det skal leggst til grunn at det ikkje er heimel for å vise bort personar frå anlegget sjølv om dei ikkje har betalt vedlikehaldsavgift.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

Med helsing

Kristian Lindseth Flaa

Rådgjevar landbruk, natur og miljø

Dir. tlf.: 468 13 738

E-post: kristian.lindseth.flaa@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.